

# **Norm for reglar for søndagsskular og barnegrupper i Søndagsskolen Norge**

## **§ 1 NAMN OG MÅLGRUPPE**

Namn på søndagsskulen/ barnegruppa: .....

(heretter kalla «Gruppa»), er innmeldt i Søndagsskolen Norge, og

arbeider i (NN).....(kyrkjelyd/ forsamling, bydel/ bygd)

## **§ 2 GRUNNLAG OG VISJON**

For grupper med luthersk tilhørrelse:

### **§ 2 GRUNNLAG OG VISJON**

Gruppa deler visjonen Jesus til barna. Dette skjer i truskap mot Bibelen, og den evangelisk-lutherske vedkjenninga. Gruppa har forståing for at Søndagsskolen Norge sine grunnreglar har ein evangelisk-luthersk basis, og at dette ikkje kan endrast.

For grupper med ikkje-luthersk bakgrunn:

### **§ 2 GRUNNLAG OG VISJON**

Gruppa deler visjonen Jesus til barna. Dette skjer i truskap mot Bibelen, og i respekt for den evangelisk-lutherske vedkjenninga. Gruppa har forståing for at Søndagsskolen Norge sine grunnreglar har ein evangelisk-luthersk basis, og at dette ikkje kan endrast.

## **§ 3 FØREMÅL**

Målet for Gruppa er:

- å styrkje barna si tru, særleg ved hjelp av bibelforteljingar, undring og bøn.
- å hjelpe barna til nærare kjennskap til den treeinige Gud og til etterfølging av Jesus.
- å byggje eit kristent fellesskap saman med barna.
- å leggje til rette for at barna kan bli ein del av den lokale kyrkjelyden/forsamlinga.

## **§ 4 MEDLEMSKAP**

Barn og leiarar som er registrerte i Gruppa sitt medlemsregister er medlemmer.

Barn og leiarar skal registrerast med fullt namn, adresse og fødselsår i det gjeldande systemet for medlemsregistrering.

Barn og leiarar under 26 år som har betalt gyldig kontingent gir grunnlag for økonomisk støtte frå offentlege myndigheiter via Søndagsskolen Norge.

Medlemmer som har fylt 15 år skal takast med på råd der det er naturleg, i Gruppa sitt arbeid.

## **§ 5 TILHØYRSEL**

Som innmeldt i Søndagsskolen Norge arbeidar Gruppa etter grunnreglane, generalforsamlingas vedtak og retningslinjar gitt av landsstyret. (jf. Grunnreglar § 1.5).

## **§ 6 LEIING AV GRUPPA**

- Leiarar i Gruppa skal arbeide i samsvar med Gruppa sine førermål og reglar.
- Gruppen skal ha ein hovudleiar.
- Hovudleiar har ansvar for:
  - kontakt med Søndagsskolen Norge
  - at Gruppa har bibel- og trusformidling
  - medlemsregistrering og innlevering av årsrapport
  - at det blir ført rekneskap
  - at alle leiarar har framvist politiattest
- Hovedleiar kan delegere oppgåver innanfor alle område til sine medleiarar, med unntak av innlevering av årsrapport.
- Gruppa har rett til å sende representantar til generalforsamlinga i Søndagsskolen Norge. Representasjon skjer i samsvar med gjeldande reglar.

## **§ 7 VAL AV STYRE**

Har Gruppa 4 eller fleire medlemmer over 15 år, skal det veljast eit styre blant Gruppa sine medlemmer.

Alle medlemmer som har fylt 15 år, har tale- og røysterett.

## **§ 8 OPPHØYR / UTMELDING**

- Dersom verksemda opphøyrer, melder gruppa frå til Søndagsskolen Norge.
- Ubrukte frifondmidlar betalast tilbake til Søndagsskolen Norge.
- Egedelar/ oppsparte midlar blir vidareført til Søndagsskolen Norge.

## **§ 9 ENDRING AV REGLANE**

Gruppa sine reglar kan endrast med tilslutning av 2/3 av røysteføre medlemmer. Endringar kan ikkje stride mot grunnreglane for Søndagsskolen Norge. § 2 kan ikkje endrast.